

# ÅRSMELDING 2011



## Innhold

Organisasjonen .....	3
<b>Verksemd</b> .....	3
<b>Posisjon</b> .....	3
<b>Styret</b> .....	4
<b>Administrasjon</b> .....	4
Møte med Mørebenken: .....	5
Møte om ny helseregion og bypakken .....	6
Rådmannsmøter .....	6
Styremøter .....	6
Årsmøte .....	6
Satsningsområde 2011 .....	8
<b>Samhandlingsreforma</b> .....	8
Målsetting .....	8
Arbeid i 2011 .....	8
Vidare arbeid .....	9
<b>Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK)</b> .....	9
Bakgrunn og målsetting .....	9
Arbeid så langt .....	9
<b>eKommune Sunnmøre</b> .....	10
Målsetting .....	10
Aktivitet 2011 .....	10
Økonomi .....	11
Utfordringar .....	11
<b>ÅRU –Oppvekst</b> .....	12
Bakgrunn .....	12
Målsetting .....	12

Aktivitet i 2011 .....	12
Vegen vidare .....	13
<b>Energi og klima</b> .....	14
Bakgrunn og målsetting .....	14
Aktivitet i 2011 .....	14
Økonomi.....	15
<b>Kompetanseløft barn og unge sunnmøre</b> .....	15
Målsetting .....	15
Prosjektets tre fasar .....	15
<b>Verdikommune Sunnmøre</b> .....	17
<b>Sunnmøre i framtida (SIF)</b> .....	17
<b>Samferdseldskonferansen 2011</b> .....	19
<b>Etablering av Sunnmøre Regionråd</b> .....	19
<b>Informasjonsarbeid</b> .....	19
<b>Avslutning</b> .....	20
<b>Regnskap</b> .....	21
Resultatregnskap 2011.....	21
Balanse 31.12.2011 .....	22
Noter til regnskapet .....	23

## ORGANISASJONEN

### VERKSEMD

Ålesundregionens Utviklingsselskap IKS (ÅRU) er ein regional utviklingsaktør og samarbeidsorgan for 17 kommunar på Sunnmøre og i Romsdal med totalt 125.000 innbyggjarar. ÅRU er pådrivar både for auka samarbeid mellom kommunane og for samarbeid mellom kommunane og næringslivet.

Mottoet for ÅRU er "Utvikling gjennom samarbeid!".

Eierkommunane pr. 01.01.11 var Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Vanylven, Vestnes, Ørskog og Ålesund.

Som eit ledd i skipinga av Sunnmøre Regionråd melde Hareid, Ulstein, Herøy og Sande seg inn i ÅRU frå 1. januar 2011. ÅRU fekk då 17 medlemskommunar. Det var eit uttrykt ønskje at også Ørsta og Volda skulle bli med i eit felles regionråd for Sunnmøre.

Målt etter talet på medlemskommunar er ÅRU størst i Norge. (kilde: Wikipedia).



### POSISJON

ÅRU er kommunane sitt eige selskap og spelar ei rolle som brubyggjar og legg aktivt til rette for at menneske frå ulike organisasjonar møtest for å drøfte viktige samfunnsmessige spørsmål.

Interkommunalt samarbeid er eit godt verkemiddel for effektivt å kunne levere tenester av god kvalitet, spesielt for dei små og mellomstore kommunane. ÅRU spelar her ei rolle som pådrivar, og bidreg til at det skjer utvikling i tenestetilbodet i kommunane og i regionen.

ÅRU har i 2011 halde fram som aktiv deltakar i prosjektet Sunnmøre i framtida, der utvikling av Sunnmøre som bu- og arbeidsmarknadsregion er den overordna utfordringa det vert arbeidd med.

I 2011 blei prosjekt knytt til Samhandlingsreformen, energieffektivisering og Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) starta. Prosjekta ÅRU Oppvekst, Verdikommune Sunnmøre, Kompetanseløft for barnevern og eKommune Sunnmøre heldt fram også i 2011.

## STYRET

### Styret valt på årsmøtet 2010:

Charles Tøsse, styreleiar, ordførar i Stordal  
Bjørn Sandnes, nestleiar, ordførar i Haram  
Thorbjørn Fylling, styremedlem, ordførar i Ørskog  
Olaug Flø Brekke, styremedlem, rådmann i Ålesund  
Martin Bostad, styremedlem, rådmann i Giske

Vara:

Ronny Blomvik, ordførar i Sula  
Ole Johan Lillestøl, rådmann i Sykkylven



### Nytt styre valt på årsmøtet 9. juni 2011

Bjørn Sandnes, styreleiar, ordførar i Haram kommune  
Arnulf Goksøyr, nestleiar, ordførar i Herøy kommune  
Jan Kåre Aurdal, ordførar i Sykkylven kommune. Petter Lyshol etter kommunevalet 2011  
Ronny Blomvik, ordførar i Sula kommune. Geir Ove Vegsund etter kommunevalet 2011  
Hans Gisle Holstad, ordførar i Hareid kommune. Anders Riise etter kommunevalet 2011  
Einar Vik Arset, rådmann i Ulstein kommune  
Olaug Flø Brekke, rådmann i Ålesund kommune

Vara:

Øivind Uren ordførar i Vestnes kommune. Geir Inge Lien etter kommunevalet 2011  
Modolf Hareide ordførar i Skodje kommune, Terje Vadset etter kommunevalet 2011  
Bjørn Inge Ruset ordførar i Norddal kommune  
Martin Bostad rådmann Giske kommune  
Rune Sjugard rådmann Herøy kommune

## ADMINISTRASJON

Odd Løkvik, dagleg leiar  
Vegard Sperre Austnes, rådgivar  
Torunn Måseide, prosjektleiar  
Einar Haram, prosjektleiar  
Øivind Hagen, prosjektleiar





Anne Venke Myren, prosjektleiar  
Anne Mette Liavaag, prosjektleiar

Dagleg leiar Odd Løkvik gikk ut i permisjon 18. november. Prosessen med tilsetting av ny dagleg leiar blei satt i gang, og rådgivar Vegard Sperre Austnes vart konstituert som dagleg leiar i tida fram til ny leiar var på plass.

## MØTE MED MØREBENKEN:

Møte med Mørebenken vart halde 24. mars i Ålesund rådhus.

På programmet var

- Sunnmøre i framtida – presentasjon av resultatata frå foresightanalysa  
Ved prosjektleiar Reidun Monsholm
- Samhandlingsreforma – ei helsereform som krev samarbeid i alle ledd  
Ved prosjektleiar Vegard Austnes
- Lokal Utvikling i kommunane (LUK) – fylket sitt nye utviklingsprosjekt  
Ved prosjektleiar Kjersti Hasselø
- Ferjefri kryssing av Storfjorden – ein føresetnad for vekst og utvikling på Sunnmøre. Hareid  
Fastlandssamband  
Ved dagleg leiar Kjell Sandli
- Storfjordsambandet  
Ved dagleg leiar Kjetil Kvammen



## MØTE OM NY HELSEREGION OG BYPAKKEN

11. februar vart det i Ålesund rådhus halde eit utvida regionrådsmøte med styreleiar og adm. dir i Helse Midt-Norge.

Bakgrunnen for møtet var samanslåinga av Helse Sunnmøre med Helse Nordmøre og Romsdal til ein felles helseregion for heile Møre og Romsdal. Plasseringa av administrasjonen, nytt styre, ny direktør, konsekvensar av samanslåing for innbyggjarane og for sjukehusa samt den vidare prosessen var tema.

Målet med møtet var å kome inn i prosessen før alt skulle vere klart til 1. juli.

Vidare i møtet vart Bypakken i Ålesund presentert av ordførar Bjørn Tømmerdal og overarkitekt Gudmund Hoel. Det som blei presentert var konklusjonane frå ei politisk arbeidsgruppe som hadde sett på muligheiter, aktuelle prosjekt og finansiering.

Tilbakemeldingane var i hovudsak positive og kommunane var tilfredse med at Ålesund kommune gjorde eit grundig arbeid med å utvikle sentrum. Det blei også sett på som positivt at Bypakken var meir enn eit veiprojekt men også hadde fokus på kollektivordningar og gang/sykkelvegar. Kommunane understreka også at det var viktig at det var viktig å involvere omegnkommunane og fylkeskommuna i arbeidet

## RÅDMANNSMØTER

Det vart halde 4 rådmannsmøter i 2011. Møtestadar var Ålesund, Herøy, Brattvåg og Hareid.

Blant sakene som vart diskutert var Sunnmøre i framtida, utvikling av regionalt samarbeid på Sunnmøre, handsaminga av selskapsavtalen om Sunnmøre Regionråd i kommunane og dei ulike prosjekta i ÅRU.

## STYREMØTER

Det vart halde 5 styremøter i 2011. Av desse var eit pr. telefon og eit pr. e-post utveksling.

Det vart handsama 22 saker i styret. Mellom desse sakene var selskapsavtalen for Sunnmøre Regionråd, møte med dei nye medlemskommunane, medlemskontingenten for 2012, utlysing av stillinga som dagleg leiar for Sunnmøre Regionråd, høyringsuttale Transportprogram for Vestlandet 2012-2015 og prosjekta om samhandlingsreforma og barnehage- og skuleutvikling.

I tillegg til dei ordinære styremøta vart det halde 3 møter i ei arbeidsgruppa som skulle legge fram forslag til vedtekter for Sunnmøre Regionråd.

## ÅRSMØTE

På årsmøtet 9. juni vart det valt nytt styre beståande av Bjørn Sandnes (styreleiar, ordførar i Haram kommune), Arnulf Goksøyr (nestleiar, ordførar i Herøy kommune), Jan Kåre Aurdal (ordførar i Sykkylven kommune), Ronny Blomvik (ordførar i Sula kommune), Hans Gisle Holstad (ordførar Hareid kommune), Einar Vik Arset (rådmann i Ulstein kommune) og Olaug Flø Brekke (rådmann i Ålesund kommune).

Vara for ordførarane var Øivind Uren (ordførar i Vestnes kommune), Modolf Hareide (ordførar i Skodje kommune) og Bjørn Inge Ruset (ordførar i Norddal kommune). Vara for rådmennene var Martin Bostad (rådmann Giske kommune) og Rune Sjugard (rådmann Herøy kommune).



## SATSNINGSOMRÅDE 2011

### SAMHANDLINGSREFORMA

Kommunane i ÅRU var først ute i Møre og Romsdal med eit regionalt samarbeidsprosjekt om samhandlingsreforma. Prosjektet fekk arbeidstittelen "Samhandling på Sunnmøre".

#### MÅLSETTING

Målet med prosjektet har vore å utvikle felles samarbeids- og planleggingsstrukturar mellom kommunane og helseføretaket. Dette er ein på god veg til å lukkast med.

#### ARBEID I 2011

I samarbeid med KS Møre og Romsdal vart det i januar 2011 gjennomført besøk i kommunane og hos dåverande Helse Sunnmøre. Målet med besøka var kartlegging av prioriterte områder for prosjektarbeidet.

Kompetanseutvikling peika seg ut som eit viktig innsatsområde, saman med elektronisk samhandling og førebyggjande arbeid/folkehelsearbeid.

Interkommunalt nettverk på kommunalsjef/einingsleiar-nivå for 16 kommunar vart etablert. Det vart halde 9 møter i 2011. Møta i nettverket har vore ein arena for kompetanseutvikling og meningsutveksling. Det har også gjort at dei kommunane som ikkje har hatt representantar i administrativt samhandlingsutval har fått ein samhandlingsarena. Nettverket vert vidareført inn i 2012.

I tillegg til møta i nettverket har prosjektleiar besøkt ei rekkje kommunestyrer og kommuneadministrasjonar for å informere om samhandlingsreforma. Prosjektleiar heldt også innlegg på fleire konferansar om samhandlingsreforma, både i regi av ÅRU, KS, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og administrativt samhandlingsutval.

Prosjektleiar var også med i arrangementskomiteen for Samhandlingskonferansen 2011.

Prosjektleiar fekk primo 2011 status som observatør i administrativt samhandlingsutval mellom sunnmørskommunane og Helse Sunnmøre. Samhandlingsutvalet vedtok at felles

kompetanse- og rekrutteringsplan skulle prioriterast som felles prosjekt mellom alle sunnmørskommunane og helseføretaket. Prosjektleiar i ÅRU vart prosjektleiar for fellesprosjektet.



Ferdig plan for 18 sunnmørskommunar og Helse Møre og Romsdal vert levert 1.mai 2012. Planen er eksternt finansiert (Helsedirektoratet og Helse Midt-Norge), og heilt gratis for kommunane.

Ein felles kompetanse- og rekrutteringsplan for heile 18 kommunar og eit helseføretak er truleg nyskapande i nasjonal målestokk.

Planarbeidet er dessutan eit integrerande prosjekt som alle sunnmørskommunane har delteke i. At eit kommunalt eigd samarbeidsorgan har prosjektleiinga for eit så omfattande samarbeidsprosjekt med helseføretaket, må også seiast vere positivt jf. diskusjonen om likeverdigheit mellom kommunar og helseføretak.

---

## VIDARE ARBEID

Plan for elektronisk samhandling peikar seg ut som eit nest steg i 2012.

## LOKAL SAMFUNNSUTVIKLING I KOMMUNANE (LUK)

---

### BAKGRUNN OG MÅLSETTING

LUK Sunnmøre starta 19. august 2011. Det er tilsett prosjektleiar 100 % stilling for ei periode på eit år.

LUK-satsinga er initiert av Kommunal- og regionaldepartementet og skal bidra til å gjøre kommunane enda planlegga, mobilisera, samarbeida og gjennomføra utviklingsprosjekt, for på det viset å utvikla meir attraktive lokalsamfunn. Målet er betre kompetanse og kapasitet til kontinuerlig utviklingsarbeid i kommunane.

Dette skal skje gjennom å utvikle eit tettare samarbeid både mellom fylket og kommunane og mellom fleire kommunar. Prosjektet er finansiert gjennom Møre og Romsdal fylkeskommune og konsernkommunemidlar.

---

### ARBEID SÅ LANGT

Ei kartlegging i kommunane viste at kommunane hadde behov for bistand til følgjande for å styrke det lokale utviklingsarbeidet:

- kompetansehevande tiltak innan prosessleiing
- møteplasser for faglig utvikling
- møteplasser som stimulerer til økt interkommunalt samarbeid
- møteplasser for faglige diskusjonar og erfaringsutveksling innan planarbeid for både administrasjon og folkevalte (spesielt knytt til arbeidet med planstrategi)

Det er brei semje om at LUK-satsinga må bygge på Foresightanalysen «Sunnmøre i Framtida». Det er derfor etablert samarbeid prosjektleiar i Sunnmøre i framtida.

---

### KOMPETANSELØFT INNAN PROSESSLEIING

På bakgrunn av signal frå kommunane blei det søkt fylkeskommunen om midlar til gjennomføring av eit kompetanseløft innan prosessleiing. Hovudmålet med kompetanseløftet er å styrke kommunane faglig og

praktisk innan prosessleiing gjennom et utviklingsprogram med fokus på dialog, gruppearbeid, praktiske øvingar og erfaringsutveksling. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar prosjektet økonomisk.

---

## KULTURSAMARBEID

LUK-satsinga vart presentert på kulturleiarsamling for nordre Sunnmøre. Det blei her drøfta korleis LUK-satsinga kunne brukast innan kulturområdet i regionen. Det er ønske om å styrke det interkommunale kultursamarbeidet i regionen.

## EKOMMUNE SUNNMØRE

eKommune Sunnmøre er eit IKT-samarbeidsprosjekt mellom kommunane Ålesund, Haram, Sula, Giske, Skodje, Ørskog, Norddal og Sandøy.

---

## MÅLSETTING

Målsettinga med IKT-samarbeidet er å oppfylle krava i KS sin IKT-strategi «eKommune 2012»

- Betre og fleire digitale tenester til innbyggjarar og næringsliv.
- Meir profesjonalitet, betre driftskvalitet og- stabilitet.
- Reduserte kostnader på innkjøp, opplæring og drift.


---

## AKTIVITET 2011

---

### ETABLERING AV ORGANISASJON

I 2011 vart eKommune Sunnmøre organisert som eit Kml §27-samarbeid. Styret vart samansett av rådmennene i deltakarkommunane. Styreleiar har vært rådmann i Norddal kommune, Stig Holmstrøm og nestleiar rådmann i Ålesund kommune, Olaug Flø Brekke. Vedtektene er vedtekne i kommunestyra/bystyret i deltakarkommunane.



---

### IKT-STRATEGI

Ein eigen IKT-strategi for vart utarbeidd våren 2011. Denne skal leggst til grunn når kommunane lagar sine egne interne ikt-strategiar.

---

### IKT-BASIS – FELLES DATAROM OG INFRASTRUKTUR

I 2011 er felles datarom ferdigstilt. Datarommet har alle naudsynte fasilitetar for eit moderne datarom og er lokalisert på Bønørve, Ålesund. Lokala er eigd av Tafjord Kraft AS.

Infrastrukturen mellom kommunane er på det næraste ferdigstilt. Der er fibertilknytning mot Bønørve for Ålesund, Sula og Giske kommunar. Dei andre kommunane har enten radioløysingar eller ein kombinasjon av fiber og radio-liner. Felles for alle, er at dei no har høghastighetsnettverk mot Bønørve. Ørskog og Norddal kommunar har pr. årsskiftet ikkje valt løysing, men dette skjer så fort tenester kan leverast frå Bønørve.

---

#### FELLES ELEKTRONISK IDENTITET (FEIDE) FOR ELEVAR OG LÆRARAR

Feide er klart frå årsskiftet og kan takast i bruk av dei kommunane som ønskjer det. Løysinga vert levert frå felles løysing, levert frå Ålesund kommune.

---

#### ETAVBLERING AV FAGGRUPPER

Det er danna faggrupper innan ulike fagfelt, og mellom fleire kommunar. Eksempel på dette er økonomi- helse-/sosiølsamarbeidsgrupper mellom kommunane Ålesund, Giske, Haram og Sandøy.

Det er etablert fleire slike fagsamarbeid.

---

#### STRATEGISK LEDELSE OG IKT

I november 2011 vart det starta opp et program for opplæring innan Strategisk leiing og IKT der målgruppa er rådmenn/styret. Målsettinga er å skolere rådmennene på det strategiske IKT-området

---

#### ØKONOMI

Økonomi for eKommune Sunnmøre har for 2011 bestått i at kommunane har delt på finansieringa av prosjektleiar-stillinga og leasingkostnadane for felles teknisk utstyr.

Stipulerte leasing-/konsulentkostnadar for 2011 vart noko mindre enn antatt, og ledige midlar vert overført til 2012. Årsaka til mindreforbruket var ein større eigeninnsats enn forventet, og dermed mindre utgifter til ekstern konsulentbistand. eKommune Sunnmøre brukte difor mindre kapital enn stipulert.

---

#### UTFORDRINGAR

Utfordringane for eKommune Sunnmøre i 2011 var å få i drift infrastrukturen mellom felles datarom i Bønørve og gjere datarommet klart for levering av fellestenester derifrå.

I og med at alle ikt-systema i kommunane i dag er svært integrerte med kvarandre, er det mange partar som må inn i biletet for å få dette på plass. Det har også vore ei utfordring at kommunane er på ulike teknologiske plattformar, og har ulike programvare. Dette vil over tid betre seg, ettersom eKommune Sunnmøre prøvar å standardisere både programvare og tekniske løysingar så godt det lar seg gjere, sjølvst i samarbeid med den einskilde kommune.

## ÅRU –OPPVEKST

Eit interkommunalt samarbeid i skule og barnehage på nordre Sunnmøre

### BAKGRUNN

Pedagogisk koordinator i 100 % stilling var tilsett frå 9.august 2010. Bakgrunnen for stillinga var eit ønske frå medlemskommunane i ÅRU om eit tettare interkommunalt samarbeid innan skule og barnehage.

Hausten 2010 vart brukt til å peike ut felles satsingsområde for kompetanseheving gjennom besøk i alle kommunane, samarbeid mellom dei kommuneansvarlege for skule og barnehage i nettverk og strategisk planlegging i eit arbeidsutval. Nettverket har i 2011 hatt 5 møter og arbeidsutvalet har hatt planleggingsmøte i forkant av nettverksmøte.



### MÅLSETTING

Målet for prosjektet er: Å auke kvalitet og kompetanse i skule og barnehage både fagleg og organisatorisk.

Viktige delmål er å legge til rette for leiarutvikling og kompetanseheving, gi motivasjon og inspirasjon ved å skape møteplassar, legge til rette for utdanning, god ressursutnytting og eit nærare samarbeid mellom skole og næringsliv.



### AKTIVITET I 2011

Aktiviteten i 2011 har vore stor utifrå satsingsområde, mål og delmål. Det har vore viktig å skape gode arenaer for kunnskapsformidling og erfaringsdeling på tvers av grenser.

## LEIING

Det er totalt arrangert 5 samlingar, 3 dagar for rektorar og kommuneansvarlege innan skule i samarbeid med NTNU, 2 dagar for styrarar i barnehage i samarbeid med Dronning Mauds Minde. 135 deltakarar totalt. Klasseleiing for kontaktlærarar har totalt hatt 140 deltakarar. Det har vore 2 samlingar i 2011.

## KOMPETANSEHEVING SKULE OG BARNEHAGE

Etterutdanning i matematikk på barnesteget totalt 9 samlingar i samarbeid med høgskulen i Volda. 30 deltakarar. 4 samlingar i engelsk og framandspråk, totalt 120 deltakarar. Norsk lesestrategiar 2 samlingar 42 deltakarar i samarbeid med HVO

IKT i barnehagen 1 samling 110 deltakarar. HVO/Haram.

Fåtalskurs i musikkfaget for lærar i musikk i ungdomsskolen 16 deltakarar.

## UTDANNING

Det har vore arbeid intens i prosjektet for å kunne tilby ei desentralisert deltid lærarutdanning og førskulelærarutdanning i Ålesund. I møte 3.juni 2011 vart dette samarbeidet formalisert i møte mellom Rådmenn/kommunalsjefar, representantar frå høgskulen i Volda og fagansvarlege i kommunane i regi av ÅRU - Oppvekst. Det har vore totalt 6 møter i 2011 og pr. dato ser dette målet ut til å lukkast. Oppstart hausten 2012.

Assistentar i barnehagar utan utdanning har fått tilbod om fagbrev i samarbeid med Borgund kompetansesenter. 25 assistentar har fått dette tilbodet. Arbeidet held fram i 2012.

## SKULE OG NÆRINGS LIV

I samarbeid med Ungt Entreprenørskap har vi arrangert 3 kurs i Gründercamp – metodikken. Fleire skular har gjennomført Gründercamp, der oppdrag frå lokalt næringsliv dannar utgangspunkt for samarbeid med elevgruppe og bedrift.

## VEGEN VIDARE

Det er ein styrke for det interkommunale samarbeidet å jobbe saman om nasjonale satsingsområde. Innføring av valfag i ungdomsskolen er eit døme på dette. Nettverket oppretta hausten 2011 ei interkommunal arbeidsgruppe som har ansvar for dette samarbeidet som blir vidareført i 2012.

Det er viktig at kommunane i regionen samarbeider strategisk for å sikre kompetanse på skule og barnehageområdet slik det er gjort i 2011. Både fordi kommunane i regionen står framfor utfordringar i forhold til behov for å rekruttere lærarar og førskulelærarar, men også fordi kvalitetsutvikling i skule og barnehage er avhengig av kompetent pedagogisk personale og god kompetanse innan leiing.

2011 har vore eit aktivt år for det interkommunale samarbeidet om kompetanseheving og kvalitetsutvikling innanfor skule og barnehage. Dette samarbeidet har vore eit viktig bidrag for å oppfylle kommunane sine behov i oppvekstsektoren.

## ENERGI OG KLIMA

### BAKGRUNN OG MÅLSETTING

Kommunane spelar ei viktig rolle i arbeidet med energiomlegging og for å nå nasjonale mål om reduksjon i utslepp av klimagassar. Energi- og klimaplanar er effektive og viktige reiskap i dette arbeidet.

10 kommunar (Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sykkylven, Ørskog og Ålesund) har vedtatt energi- og klimaplaner. Planane viser kva kommunen skal gjere for å redusere klimagassutsleppa, og korleis kommunane kan påverke lokalsamfunnet til å gjere det same.

Målsettinga for energieffektiviseringsprosjektet er å realisere dei konkrete prioriterte tiltaka i kommunane sine energi- og klimaplaner.

Kommunane Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sykkylven, Vestnes, Ørskog og Ålesund har vore med i prosjektet.

Styret i ÅRU er styringsgruppe for prosjektet. Prosjektleder Einar Haram i ÅRU har stått for den daglege drifta.

Prosjektledaren starta med å besøke alle kommunane og gjere seg kjend med kva som var dei viktigaste tiltaka for den enkelte kommune. Her blei det klart at det var eit stort behov for å få oversikt over kva tilskuddsordningar ein kunne gjere seg nytta av for å få realisert prosjekta. Derfor ble det gjennomført kurs i regi av Enova.

### AKTIVITET I 2011

#### NETTVERKSMØTER

Det er etablert nettverksgruppe der alle kommunane ble invitert til å greie ut for kor langt den enkelte kommune var komme i prosessen med å gjennomføre tiltak og kva dei hadde behov for av bistand. Med basis i dette blei det laga ein plan på kva kurs og informasjonsmøte ein skulle legge opptil.

#### ENERGILEIING

God energileiing gir heilskapleg og tverrfagleg forståing, og er avgjerande for å nå vedtatte energimål. For å sikre god energileiing i kommunane er det utarbeidd ei handbok i energileiing.

Fleire av kommunane har tatt i bruk handboka i løpet av året.

#### KURS

Kompetanse og erfaringsutveksling er viktig for å sikre at driftspersonalet har oppdatert kunnskap om drift og vedlikehald av dei tekniske anlegga dei til dagleg skal ha kontroll med. I løpet av året er det gjennomført ei rekke kurs. Blant anna kurs i fornybare energikilder, tekniske byggeforskrifter, energieffektive bygg og energileiing.

#### NOMINERT TIL ÅRETS NYSKAPER



Arbeidet på klima- og energifeltet resulterte i at ÅRU og Ålesund kommune ble nominert til prisen «Årets nyskaper». Prisen er oppretta for å løfte fram utviklingsarbeid i regionen. Viktigaste kriterier er kandidatens evne til nytenking og vilje til å satse på miljø.

Prisen ble delt ut på Sunnmørskonferansen 17. november. ÅRU kom ikkje heilt til topps men er ei viktig anerkjennelse for arbeidet.

---

## VEI- OG GATEBELYSNING

Det er eit stort potensial for energisparing innanfor vegbelysning. Ved å bytte eksisterande HQL armaturar med nye LED armaturar vil energiforbruket reduseras 86 %. Fleire kommunar har fått bistand til å søke Enova om støtte til prosjekt for energisparing innan vegbelysning.

---

## ENØK UTVALGET I ÅLESUND KOMMUNE

Vi har deltatt i ENØK utvalet til Ålesund kommune med i alt 10 møter i 2011.

---

## ØKONOMI

Energieffektiviseringsprosjektet har så langt kosta dei 10 deltakarkommunane totalt 500.000 kr i direkte utgifter. Tilskot frå Enova til kommunale prosjekt utgjør så langt kr 1,6 millionar. Det arbeidas med fleire nye søknader og potensialet for ekstern finansiering er stort. Det ligger også potensiell gevinst ved å implementere energileiing i kommunane

---

## KOMPETANSELØFT BARN OG UNGE SUNNMØRE

---

### MÅLSETTING

Kompetanseløft barn og unge Sunnmøre er ei felles satsing på tvers av kommunane på Sunnmøre, gjennom regionrådet, Helseforetaket og Bufetat. Gjennom prosjektet ønskjer ein å arbeide saman og målretta for å styrke kompetansen hos offentleg tilsette som arbeider med barn og unge på Sunnmøre – for at barn og unge skal kunne motta godt koordinerte tenester av god kvalitet.

---

### PROSJEKTETS TRE FASAR

---

#### FASE 1: FAGKOMPETANSE I BARNEVERNET

##### Målsetting

Målsettinga med fase 1 var å styrke kompetanse og samhandling i kommunalt og statleg barnevern, med vekt på utgreiing, metode og tiltak.

##### Resultat:

Nær 100% av alle barneverntilsette på Sunnmøre gjennomførte saman med tilsette frå Bufetat i perioden september 2010-mai 2011 ei omfattande kursrekke, Kompetanseløft barnevern, for å styrke kompetansen på utgreiing, metode og tiltak i barnevernet. Kursrekka var sett saman av 5 samlingar a 3 dagar – der to av dagane var førellesing av førsteamanuensis Øyvind Kvello ved NTNU, og ein dag var avsett til gruppeveiledning – som

oppfølging av arbeidsoppgåver som skulle løysast lokalt mellom samlingane. Kurset fekk svært god evaluering på nytteverdi frå deltakarane.

**Utfordringar:**

Gjennomføringa av fase 1 har vist at felles kompetansehevande tiltak på tvers av kommunar og stat let seg gjennomføre, og opplevast som nyttig. Ein vart tidleg i prosjektet merksam på utfordringane som ville kome i samband med å få implementert og vidareført ny kunnskap i barnevernetenestene. Barnevernleiarane vart identifisert som nøkkelinteressantar for å få til ei vellukka implementering. Dei er sentrale i arbeidet med tenester til barn i risiko, har stort fagleg ansvar, forvaltar store økonomiske ressursar og representerer kommunane i rettssystemet. Relativt få barnevernleiarar hadde formell leiarkompetanse, og i prosjektet valte ein å satse på kompetantanseutvikling for denne viktige gruppa.



---

## FASE 2: LEDELSESKOMPETANSE I BARNEVERNET

**Målsetting:**

Målsetting med fase 2 er å styrke ledelseskompetansen i barnevernet.

**Resultat:**

Etter ei anbudsrunde fekk HiNT, Høgskolen i Nord Trøndelag anbodet på gjennomføring av dette delprosjektet, som består av parallell gjennomføring av ein formell leiartutdanningsmodul på 30 stp og ein leiartutviklingsmodul, med veiledning individuelt og i grupper. Fase 2 blir gjennomført i perioden desember 2011-desember 2012. Studiet er opna for alle barnevernleiarane i Møre og Romsdal, og blir gjennomført på Høgskulen i Ålesund.

**Utfordringar:**

Fagkompetanse og leiarkompetanse i barnevernet er viktige element i arbeidet for å sikre gode tenester til barn og unge i risiko. Men barnevernet verken skal eller kan ha ansvar for dette arbeidet åleine. Mange kommunale og statlege tenester har ansvar for deler av tenestertilbodet.

---

## FASE 3: TIDLEG INTERVENSJON OG SAMHANDLINGSKOMPETANSE RUNDT BARN OG UNGE

**Målsetting:**

Målsettinga med fase 3 er å styrke samhandlingskompetansen til aktørar i kommunar og stat som har ansvar for delar av det heilskaplege tilbodet til barn og unge, og mobilisere for felles innsats for barn i risiko – med vekt på førebygging og tidleg intervensjon.

Forprosjekt for fase 3 blir gjennomført frå januar 2012 til desember 2012.

## VERDIKOMMUNE SUNNMØRE

### Verdikommune Sunnmøre:

Målet med prosjektet var å sette fokus på etikk og tillitsskapande forvaltning i kommunane.

Det vart halde to samlingar for ordførarar, varaordførarar, leiarar av kontrollutval, rådmenn, rådmennene sine leiargrupper, økonomisjef, innkjøpssjef og andre interesserte. Tema på samlingane var heilskapleg risikostyring, eigarskapsarbeid, internkontroll i kommunen, internkontroll retta mot innkjøpsområdet og internrevisjon.

Det vart nedsett ei arbeidsgruppe beståande av eit utval ordførarar, leiarar for kontrollutval, rådmenn, økonomisjefar og informasjonsansvarleg frå medlemskommunane. Prosjektgruppa fekk til mandat å utarbeide felles etiske retningslinjer for alle medlemskommunane, felles retningslinjer for innkjøpspolitikk, felles verdigrunnlag og hovudprinsipp for eigarstrategi og felles tilrådingar når det gjeld eigenkontroll/internkontroll og risikoområder i kommunane.

Arbeidsgruppa hadde 7. møter. Rådgivar i Ålesund kommune Ragna Dahl Grønnet var prosjektleiar. Arbeidsgruppa leverte ein prosjektrapport der dei svarar på mandatet.

## SUNNMØRE I FRAMTIDA (SIF)

Sunnmøre i framtida er eit regionalt utviklingsprosjekt som skal bidra til å utvikle Sunnmøre som ein bærekraftig bo- og arbeidsmarknadsregion.

### Formål:

Sunnmøre i framtida skal bidra til å auke slagkrafta og kvaliteten i det regionale utviklingsarbeidet. Dette skal gjerast gjennom mobilisering av ulike samfunnsaktørar, godt samspill og kommunikasjon, idemyldring, felles identitet og nye perspektiv for samfunnsutvikling.

### Ønska resultat:

I 2020 er Sunnmøre ein av Noregs mest attraktive og leiande regioner. Den har eit internasjonalt konkurransedyktig næringsliv, har etablert seg som ein felles bo- og arbeidsmarknadsregion, er ein kunnskapsintensiv region og har utvikla sosiale og kulturelle tilbod som gjer mangfald og gode opplevingar.

I foresighprosessen ble det identifisert oppgaver som må prioriterast:

- Styrke kompetansen i skolen
- Gjere Sunnmøre meir attraktivt for unge
- Internasjonalisere og integrere
- Utvikle eksisterande og nye næringar
- Raskare kommunikasjon (samferdsel)
- Skape fleire unike opplevingar
- Påverke eksternt for våre strategiske interesser



Ålesund kunnskapspark er økonomisk og juridisk ansvarlig for og administrerer prosjektet.

ÅRU er med som ein av fleire samarbeidspartnarar og har vore representert i/leda prosjektgruppa siden starten. Dagleg leiar Odd Løkvik har vore ÅRU sin representant. I tillegg har fleire av medlemskommunane deltatt både i styret og i prosjektgruppa.

### **I 2011 har det i hovudsak vært jobba med fire prosjekt:**

#### **1. Kommunikasjon og omdømme:**

Kommunikasjonsstrategi er utarbeidet for å gjøre resultatene av Foresightprosessen kjent. Strategien skal bevisstgjere alle i regionen på muligheter og utfordringer for regionen. Målet er å få ei felles forståing for utfordringane Sunnmøre står overfor og ha eit bevisst forhold til korleis disse kan løysast og bli inspirert til å bidra.

Det er laga en film; «**Sunnmøre i framtida**». Filmen hadde urpremiere på Sunnmørskonferansen. Alle involverte i SIF kan bruke den til internt bruk og for å fronte prosjektet

#### **2. Ålesund som lokomotiv:**

- Det er utarbeida ein rapport om Ålesund som lokomotiv.
- Det er gjennomført ei spørreundersøkelse om Ålesund. Undersøkelsen lå på nettsida til SIF i 3 mnd, og 550 besvarte. Resultanta er innarbeida i en rapport publisert på nettsidene til Sunnmøre i framtida
- Det er gjennomført en spørreundersøkelse blant de 17 Sunnmørskommunene. Rapporten er publisert på nettsidene til SIF.

#### **3. Ungdom og attraktivitet:**

- Det har vært jobba med å få i gang eit skoleprosjekt som et samarbeid mellom SIF og Sunnmøre Regionråd. Målet er å gi ungdom kunnskap om regionens historie, næringsliv, mentalitet, omdømmebygging, og hvilke fantastiske muligheter vi har i regionen.

#### **4. Næringslivsprosjektet**

- Det har vært gjennomført idédugnad med prosjektgruppa og NHO, Møreforskning
- Trainee Sunnmøre: Tverrfaglig traineeopplegg på master nivå

Sunnmørskonferansen 2011 ble avviklet 17.november.

## SAMFERDSELSKONFERANSEN 2011

ÅRU var medarrangør på Samferdselskonferansen 2011 saman med Møre og Romsdal fylkeskommune. Konferansen blei arrangert 10. – 11. november i Ålesund. Om lag 100 personer deltok.

På programmet sto blant anna trendar som vil påverke samferdsel i framtida, status for arbeid med ferjefri stamveg og sentrale styresmakter sine prioriteringar og vegval framover.

sProsjektleiaren for E39, Olav Ellevset frå Vegdirektoratet, gir oss oppdatering på kor arbeidet med tår. Statssekretær i Samferdselsdepartementet Lars Eirik Bartnes vil formidle. Sjefsingeniør Else Marie Marskar har valt tittelen NTP – 2014-2023 Utfordringar og handlingsrom for sitt innlegg.



## ETABLERING AV SUNNMØRE REGIONRÅD

Det vart i april 2011 nedsett ei arbeidsgruppe som skulle legge fram forslag til selskapsavtale for eit nytt Sunnmøre Regionråd. Arbeidsgruppa bestod av det dåverande styret i ÅRU, samt Rune Sjurgard og Hans Gisle Holstad frå Søre Sunnmøre Regionråd.

Arbeidsgruppa heldt 3 møter og utarbeidde forslag til selskapsavtale for Sunnmøre Regionråd. Forslaget til selskapsavtale vart lagt fram og vedteke på årsmøtet i ÅRU 9. juni. Etter dette vart forslaget sendt til medlemskommunane for godkjenning.

Dette endte med at alle medlemskommunane godkjente forslaget til selskapsavtale slik at det nye regionrådet kan etablerast i 2012. Verksemda i ÅRU IKS vert då overdrege til Sunnmøre Regionråd IKS.

## INFORMASJONSARBEID

Heimesida vart vidareutvikla i løpet av 2011. 16 nyhetssaker blei lagt ut på nettsida. Det blei også arbeid med å utvikle eit nytetsbrev. Første nyhetsbrev blei sendt ut i januar 2012.

Regionrådet har hatt god omtale i lokalpressa i løpet av året , med 43 saker i Sunnmørsposten. I tillegg kommer øvrige lokalaviser, radio og TV

## AVSLUTNING

ÅRU har to fast tilsette. Dei fem andre er prosjektleiarar på tidsavgrensa prosjekt. Til saman var det sju tilsette i 2011, fire menn og tre kvinner.

Styret består av fire menn og ei kvinne. Det siste reflekterer andelen av menn blant ordførarar og rådmenn, og at styreverva går på omgang.

Selskapet driv ikkje med produksjon eller anna verksemd som forureinar det ytre miljøet. Arbeidsmiljøet er godt.

I årsrekneskapan er føresetnaden for fortsatt drift av ÅRU lagt til grunn, då det etter styret si oppfatning ikkje er forhold som tilseier noko anna.

Ålesund, 08. juni 2012

---

Bjørn Sandnes  
styreleiar

---

Arnulf Goksøy  
nestleiar

---

Petter Lyshol  
styremedlem

---

Geir Ove Vegsund  
styremedlem

---

Anders Riise  
styremedlem

---

Einar Vik Arset  
styremedlem

---

Olaug Flø Brekke  
styremedlem

## REGNSKAP

RESULTATREGNSKAP 2011	2011	2010
<b>DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>		
<b>Driftsinntekter</b>		
Tilskudd kommuner (note 1)	5 118 799,20	3 118 788,93
Eksterne tilskudd (note 1)	1 222 067,00	1 475 000,00
Refusjon merverdiavgift	395 335,76	195 800,23
Honorarinntekter	4 500,00	18 000,00
Bruk av fond (note 4)	1 939 592,45	998 000,66
Sum driftsinntekter	<u>8 680 294,41</u>	<u>5 805 589,82</u>
<b>Driftskostnader</b>		
Lønninger, folketrygd, pensjon (note 2)	3 762 437,14	2 464 930,70
Andre kostnader (note 3)	2 763 448,40	1 091 174,40
Merverdiavgift	395 335,76	195 800,23
Avsetning fond (note 4)	1 732 381,06	2 008 279,56
Sum driftskostnader	<u>8 653 602,36</u>	<u>5 760 184,89</u>
<b>Driftsresultat</b>	<u>26 692,05</u>	<u>45 404,93</u>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>		
Renteinntekter	167 062,61	82 051,64
<b>Årsresultat</b>	<u>193 754,66</u>	<u>127 456,57</u>



BALANSE 31.12.2011	2011	2010
<b>EIENDELER</b>		
<b>Omløpsmidler</b>		
Fordringer:		
Merverdiavgift	395 335,76	195 800,23
Kundefordringer (note 5)	1 022 593,00	1 058 329,20
Sum fordringer	<u>1 417 928,76</u>	<u>1 254 129,43</u>
Bankinnskudd, kontanter og lignende:		
Bank (note 6)	5 449 188,68	4 014 652,77
Egenkapitalinnskudd, KLP	43 560,00	34 169,00
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende	<u>5 492 748,68</u>	<u>4 048 821,77</u>
<b>SUM EIENDELER</b>	<b><u>6 910 677,44</u></b>	<b><u>5 302 951,20</u></b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Egenkapital</b>		
Opptjent egenkapital	1 156 666,09	1 156 666,09
Årets overskudd	193 754,66	-
Sum egenkapital	<u>1 350 420,75</u>	<u>1 156 666,09</u>
Bundne midler (note 4):	<u>3 238 488,76</u>	<u>3 445 700,15</u>
Kortsiktig gjeld:		
Offentlige avgifter	324 378,75	199 026,03
Annen kortsiktig gjeld (note 7)	1 997 389,18	501 558,93
Sum kortsiktig gjeld	<u>2 321 767,93</u>	<u>700 584,96</u>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b><u>6 910 677,44</u></b>	<b><u>5 302 951,20</u></b>

## NOTER TIL REGNSKAPET

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapslovens bestemmelser og god regnskapsskikk.

### Klassifisering og vurdering av balanseposter.

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen et år.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet

Note 1 - Driftsinntekter	2011	2010
Giske Kommune	346 026,60	347 934,12
Haram Kommune	460 081,60	292 937,62
Skodje Kommune	239 154,60	115 954,62
Sula Kommune	389 646,60	293 071,00
Ørskog Kommune	171 201,60	60 832,62
Ålesund Kommune	1 869 733,60	1 258 253,85
Vestnes Kommune	122 973,00	172 317,00
Sandøy Kommune	130 440,00	31 568,12
Stordal Kommune	30 799,00	26 990,62
Norrdal Kommune	166 057,00	49 162,12
Stranda Kommune	110 735,00	160 211,12
Sykkylven Kommune	279 998,60	248 866,12
Vanylven Kommune	77 897,00	60 690,00
Herøy Kommune	389 286,00	-
Sande Kommune	56 442,00	-
Ulstein Kommune	169 218,00	-
Hareid Kommune	109 109,00	-
	<u>5 118 799,20</u>	<u>3 118 788,93</u>

Eksterne tilskudd kr. 1.222.067 fra Møre og Romsdal Fylkeskommune er ført på prosjektene.

<b>Note 2 - Lønnskostnader</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>
Lønn i fast stilling	2 907 123,40	1 825 428,15
Pensjonsutgifter	319 049,00	308 409,00
Arbeidsgiveravgift	469 196,30	294 974,83
Gruppelivsforsikring	2 150,54	1 454,36
Ulykkesforsikring	3 978,88	2 506,54
Diett	1 050,00	175,00
Reiseutgifter oppgavepliktig	43 245,17	19 678,75
Bilgodtgjørelse	16 643,85	12 304,07
Utlegg reise (billetter)	-	-
	<u>3 762 437,14</u>	<u>2 464 930,70</u>

Selskapet hadde 2 fast ansatte i 2011 under generell drift, og 4 prosjektmedarbeidere.

<b>Note 3 - Andre kostnader</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>
Litteratur, aviser	3 765,00	8 276,82
Annonseutgifter	145 130,00	61 610,10
Edb, kontorutstyr	194 579,17	50 647,85
Telefonutgifter	19 786,76	14 501,37
Reiseutgifter	88 606,85	56 676,84
Kurs/Konferanse	289 479,90	60 075,31
Beverting, representasjon	210 894,39	77 507,60
Revisjon	10 000,00	8 000,00
Markedsføring og informasjon	10 530,00	17 749,50
Konsulenttjenester	769 808,68	602 725,95
Prosjekt utgifter	307 183,99	2 599,06
Husleie	305 681,50	130 804,00
Leasing Brannmur	54 106,00	-
Leasing nettverk	75 304,00	-
Utstyr felles datarom	278 592,16	-
	<u>2 763 448,40</u>	<u>1 091 174,40</u>

I revisorhonorar ble det i 2011 utbetalt kr. 10 000,- eksklusiv moms.

<b>Note 4 - Prosjektmidler pr. 31.12.</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>
Prosjekt Konsernkommuner	366 716,69	323 321,89
Prosjekt Avfall	-	983,56
Prosjekt Sunnmøre i framtida	240 794,92	240 794,92
Prosjekt Ekommune Sunnmøre	396 549,29	41 299,20
Prosjekt Interkomm Barnevernsamarbeid	232 416,58	481 407,02
Prosjekt Energi- og klimaplaner	-	-
Prosjekt Pedagogisk koordinator	205 045,19	589 954,51
Prosjekt Brukerundersøkelse VAR	74 955,00	74 955,00
Prosjekt Energiøkonomisering	350 000,00	381 142,80
Prosjekt Ekommune Sunnmøre Grønn IT	400 000,00	400 000,00
Prosjekt Verdikommune Sunnmøre	135 413,29	148 605,00
Prosjekt Samhandlingsreforma	303 257,80	763 236,25
Samhandlingsreform: Kompetanse og rekrutteringsplan	283 340,00	-
Samhandlingsreform: IKT handlingsplan	250 000,00	-
Sum bundne midler:	<u>3 238 488,76</u>	<u>3 445 700,15</u>

<b>Note 5 - Kundefordringer</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>
Diverse kortsiktige fordringer	83 975,00	1 058 329,20
Prosjektinntekter	<u>938 618,00</u>	-
	<u>1 022 593,00</u>	<u>1 058 329,20</u>

**Note 6 - Bankinnskudd**

I posten bankinnskudd er inkludert bundne skattetrekkmidler med kr. 179.105,96.

**Note 7 - Kortsiktig gjeld**

Annen kortsiktig gjeld består av avsatt ferielønn og leverandørgjeld.